



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Palliasjon ved hjartesvikt

Palliative care in heart failiure

Kandidatnummer 251

Bachelorutdanning i sjukepleie

Fakultet for helse- og sosialvitenskap(FHS)/Institutt for
helse- og omsorgsvitenskap Campus Førde

14.06.21

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag:

Bakgrunn: Hjartesykt er ein hyppig førekommande sjukdom og representerer eit alvorleg og stadig aukande helseproblem. Etersom sjukdomen progredierer, får pasienten fleire og aukande symptom, og etter kvart behov for palliativ behandling. Gjennom mine erfaringar frå jobb og praksisar i helsevesenet har eg observert at pasientar med hjartesykt får for lite og for sein palliativ behandling. Som sjukepleiarar er det viktig å ha kjennskap til korleis ein kan bidra i form av oppfølging og støtte hos pasientar med hjartesykt, ettersom vi ber ein stor del av ansvaret for dette.

Problemstilling: Korleis ivareta pasientar med hjartesykt som mottek palliativ behandling?

Metode: Oppgåva er eit litteraturstudie som er basert på relevant forskning, fag- og pensumlitteratur. Forskinga vart analysert og funna vart delt inn i fire tema som er relevante for oppgåva.

Funn: Ein gjennomgang av artiklane viste at symptom som ikkje blir betre av kardiell behandling ofte blir oversett. Smerter er underbehandla, og 1 av 5 slit med depresjonar. Pasientane manglar kunnskap om både palliasjon og pasientforløpet. Dei andelege og eksistensielle behova til hjartesykt pasientar blir ikkje godt nok ivaretekne. Dei som fekk palliativ behandling hadde færre innleggelsar på sjukehus, og høgare rapportert livskvalitet.

Konklusjon: Det er behov for auka merksemd rundt tidleg palliativ oppfølging. Vi treng meir forskning på hjartesykt for å betre kunne estimere forventa levetid, og dermed sette inn dei rette tiltaka. Som sjukepleiar bør ein med denne pasientgruppa vere merksam på å etablere eit trygt og støttande miljø, der pasienten har innsikt i pasientforløpet. Ein bør som sjukepleiar jobbe kunnskapsbasert og reflektere over problemstillingar som dukkar opp undervegs.

Nøkkelord: Hjartesykt, palliasjon, sjukepleie, informasjon, pasientforløp.

Abstract

Background: Heart Failure is a common disease and represents a serious and increasing health issue. As the condition grows worse the symptoms increase in both number and severity, the patient will need palliative care to maintain their quality of life. Through my experiences working in the health service, I have observed how patients with heart failure often does not get the offer of receiving palliative care soon enough to meet the patient's needs and when they do it is also below the quality of care required by the patient. As a nurse it is important to have the knowledge of how to properly support and care for the patient as the nurse make up the core of patient care.

Thesis: How do one properly care for patients with heart failure who receive palliative care?

Method: This assignment is a literature study which is based on research articles and existing literature. The findings are analyzed and categorized into four themes to answer the thesis.

Findings: A review of the articles showed that symptoms that does not improve though cardiac treatment often gets overlooked. Pain is insufficiently treated and 1 in 5 heart failure patients struggles with depression. The patients lack knowledge of palliative care and advanced care planning. The spiritual needs of the patients were neglected. The patients that received palliative care had fewer hospital admissions and a higher reported quality of life.

Conclusion: There is a need for increased attention to early palliative follow-up. We need more research on heart failure to better estimate life expectancy, and thus implement the right measures. As a nurse, one with this patient group should be aware of establishing a safe and supportive environment, where the patient has insight into their disease and advanced care planning. As a nurse, one should work based on knowledge and reflect on issues that arise along the way.

Keyword: Heart failure, palliative care, nursing, information, advanced care planning.

Innhold

1 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for val av tema	1
1.2 Problemstilling	2
1.2.3 Avgrensingar	2
1.3 Begrepsavklaring	3
1.3.1 HLR- Status	3
1.3.2 Livets siste dagar – plan for lindring i livets slutfase	3
1.3.3 Pasientforløp	3
1.3.4 Palliativt team	3
1.3.5 Edmonton Symptom Assessment System - revised (ESAS - r)	4
1.3.6 Hospital Anxiety Depression Scale - HADS	4
2 Teori	4
2.1 Hjartevikt	4
2.2 Palliasjon	5
2.3 Eit tilbakeblikk på tidlegare stortingsmeldingar og utredningar	6
2.4 Heimebasert omsorg	7
2.5 Omsorgsteori og palliativ omsorg/lindrande omsorg	7
2.6 Kommunikasjon og relasjon	9
2.7 Organisering og samhandling	10
3 Metode	12
3.1 Litteraturstudium som metode	12
3.2 Søk og val av litteratur, og grunngiving av val litteratur	13
3.3 Kjeldekritikk	14
4 Resultat/funn	16

4.1 Kvifor er palliasjon viktig?	17
4.2 Undervisning og informasjon	19
4.3 Andelege og eksistensielle behov:	19
4.4 Pasientforløp	20
5 Drøfting	20
5.1 Undervisning og informasjon	21
5.2 Andelege og eksistensielle behov	22
5.3 Pasientforløp	25
6 Konklusjon	27
Bibliografi	28
Vedlegg	1
1. Vedlegg – PICO- skjema	1
2. Vedlegg – Søkeskjema	2
3. Vedlegg – Identifisering av den palliative pasient	4
4. Vedlegg – ESAS-r - skjema	6
5. Vedlegg – HADS- sjema	7

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

I 2018 fekk 32 165 pasientar med diagnosen hjartesykt behandling i sjukehus (FHI, 2019). I Noreg er hjarte og karsjukdommar den nest vanlegaste dødsårsaka, til tross for at mange fleire overlever hjartesjukdom enn tidlegare. Dette gjer at det er mange som lever med hjartesykt, og mange av desse har hyppige innleggingar på sjukehus (FHI, 2020). I ein fagartikkel frå 2015 kjem det fram at «Ei rekke undersøkingar syner at symptomlindringa ikkje er adekvat hjå terminale hjartesyktpasientar, og særleg ikkje-kardiale symptom er underbehandla. For å betre den terminale omsorga for desse pasientane, trengst det ein kompetanseauke i palliative tiltak generelt (både kardiale og ikkje-kardiale), og pasientgruppa treng også noko meir tilgang på spesialisert palliativ behandling» (Hole, T., 2015). Personleg har eg erfaring frå både kreftavdeling og hjarteavdeling, og harr opplevd at mange kreftpasientar får palliasjon, og blir henvist til palliativt team. På hjarteavdelinga og blant innlagte pasientar på sjukehus er hjartesykt ein hyppig førekommande diagnose. Hjartesykt er ein irreversibel tilstand som gir gradvis forverring over fleire år, og som kan føre til betydelege plager i form av mellom anna tung pust, slitenhet og nedsett kapasitet. På hjarteavdelinga har eg erfart at palliasjon ofte blir vurdert først når pasienten er døyande, og ein set i gang protokollen «livets siste dagar». I denne oppgåva ønsker eg å belyse at palliasjon kan og bør starte før «Livets siste dagar» for betre pasientbehandling. Eg ynskjer derfor å belyse diskusjon rundt når ein bør starte den palliative behandlinga, og korleis ein best mogleg kan bistå desse pasientane i den palliative fasen?

Ifølgje Norsk sjukepleiarforbund sine yrkesetiske retningslinjer er det sjukepleiarens ansvar å yte omsorgsfull hjelp og lindre lidning. Som sjukepleiar skal ein også legge til rette for pasientens moglegheit til å ta sjølvstendige avgjerder gjennom å gi tilstrekkeleg, tilpassa informasjon og forsikre seg om at pasienten har forstått informasjonen (Norsk Sykepleieforbund, 2019).

I 2019 kom den første forskrifta om nasjonal utdanning for sjukepleiarutdanninga, der det blir spesifisert at ein skal ha brei kunnskap om palliasjon, og kunne gjennomføre sjukepleie til menneske i palliativ fase (Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning, 2019, §4 & 6).

1.2 Problemstilling

Korleis ivareta pasientar med hjartesykt som mottak palliativ behandling?

1.2.3 Avgrensingar

Eg har valgt å fokusere på pasientar over 65 med hjartesykt i New York Heart Association (NYHA) klasse II til IV. Eg kjem til å fokusere på menn og kvinner då problemet rammar begge kjønn. For å avgrense ytterlegare har eg valgt å ta utgangspunkt i pasientar som får hjelp i heimesjukepleie. Pårørande er også ein viktig del av palliativ omsorg, men grunna oppgåvas omfang her eg valgt å fokusere på pasienten. For å spisse dette har eg plukka ut følgjande viktige tema innan lindring som eg har fokusert på; Når bør ein starte opp palliasjon, sjukepleiar si rolle i informasjons- og undervisningsarbeid, pasientanes åndelege og eksistensielle behov samt planlegging av pasientforløpet.

1.3 Begrepsavklaring

1.3.1 HLR- Status

På sjukehus i Noreg har ein retningslinjer for å begrense bruken av hjarte-lunge-redning(HLR) ved hjartestans, med mål om at det kun blir utført når det ligg føre medisinsk indikasjon. Dette er for å spare pasientar for unødig smerte og lidning. Dette vert omtala som HLR-status hos pasientane, og er noko som ein skal avklare i forkant hos pasientar som står i fare for hjartestans. (Helsebiblioteket, 2017).

1.3.2 Livets siste dagar – plan for lindring i livets slutfase

Ein norsk behandlingsprotokoll for å ivareta døyande pasientar for å sikre ein god og fredfull død. Utarbeida frå den internasjonale protokollen Liverpool Care Pathway (Brenne, A-T. & Dalene, R, 2016, s 639).

1.3.3 Pasientforløp

Eit pasientforløp er alt som skjer frå ein pasient får ein sjukdom, til hen avgår med døden. Pasientforløpet for palliative pasientar foregår ofte som eit samarbeid mellom primær- og spesialisthelsetenesta, for å sikre pasienten ei best mogleg behandling(Kaasa, S. & Lund, J-Å., 2016, s 128).

1.3.4 Palliativt team

Eit tverrfagleg behandlingsteam som har brei kompetanse innan akutt palliasjon, og som kan bistå både primær- og spesialisthelsetenesta i avanserte palliative forløp (Haugen, D. F. & Aass, N., 2016, s 119).

1.3.5 Edmonton Symptom Assessment System - revised (ESAS - r)

ESAS er eit symptomkartleggings skjema for nokre av dei vanlegaste symptomata palliative pasientar kan oppleve. Ved jamnleg kartlegging gjennom bruk av ESAS-r er målet å kartleggje pasientens symptom, og dermed kunne bidra til auka kvalitet i behandlinga. (Knudsen & Kaasa, 2016, s 398).

1.3.6 Hospital Anxiety Depression Scale - HADS

HADS er eit mykje brukt kartleggings skjema for avdekke symptom for angst og depresjon. Det består av 14 spørsmål der pasienten skal fylle ut i kor stor grad det stemmer for den siste veka (Loge & Kaasa, 2016, s.477).

2 Teori

2.1 Hjarteskvik

Hjarteskvik rammar om lag 10-20 % av menneske over 70 år, og er ein livslang tilstand. Gjennomsnittleg forventet levetid for pasientar med påvist hjarteskvik er 4 år (Ørn & Brunvand, 2016, s.173). Mange pasientar lev fleire år med langsam forverring av tilstanden (NOU 2017:16, s.41). Hjarteskvik er ein hyppig forekommande etterverknad av anna underliggande kardiell sjukdom, til dømes gjennomgått hjarteinfarkt, langvarig atrieflimmer, hypertensjon og aortastenose. Ein skiljer ofte mellom høgresidig og venstresidig hjarteskvik. Ved høgresidig hjarteskvik er hjartemuskelen så stiv at det går ut over hjartetts pumpefunksjon. Ved venstresidig hjarteskvik er det dilatert og svekka hjertemuskelatur som fører til nedsett pumpe kvalitet. Resultatet ved begge typar hjarteskvik er at hjartet får nedsett pumpeevne. Dette fører til redusert blodtilførsel til kroppens organ, i tillegg til ein trykkauke som gir auka blod- og væskemengde i lungekretsløpet. Den auka væskemengda i lungene kan gi lungestuvning og etter kvart lungeødem. Lungestuvning og lungeødem kan gi dyspné og surklende respirasjon. Nedsett blodtilførsel til kroppen gir redusert yteevne.

Det å gå i trapper eller bakkar som tidlegare ikkje var eit problem for pasienten, kan bli vanskeleg eller nærast umogleg. Pasienten sin arbeidskapasitet seier ofte mykje om svekkelsen av hjartet si evne til å pumpe blod (Ørn & Bruvand, 2016, s.173) Generelle ødem er også eit problem som oppstår hos hjertesviktpasientar, som gjer at arbeidsbelastninga på hjartet aukar, og dermed aukar stuvning på lungene ytterlegare. Dette er ein vond sirkel som fører til gradvis forverring, og gjer pasientane kraftlause og slappe, og kan føre til forvirring og endra adferd grunna mangel på oksygen til hjernen. I nokre tilfelle kan pasienten bli cyanotisk (Jakobsen et al., 2001). Pasientar med hjertesvikt er ofte utsett for depresjon og angst. Pasientane er redde for å få akutt forverring av sin tilstand og biverknader av medisinar. Depresjon og angst fører til nedsett livskvalitet. Pasienten opplever ikkje mestring, og mange isolerer seg (Eikeland et al., 2016, s.255).

Hjertesvikt klassifiserast i funksjonsklassar utarbeida av New York Heart Association (NYHA).

Desse er som følgjande:

- Funksjonsklasse I: Asymptomatisk hjertesvikt.
- Funksjonsklasse II: Lett hjertesvikt. Dette medfører lett begrensing i fysisk aktivitet, men ingen symptom i kvile eller lett aktivitet.
- Funksjonsklasse III: Moderat hjertesvikt. Upåverka i kvile, men lett aktivitet som påkledning eller lett gange i motbakke gir symptom.
- Funksjonsklasse IV: Alvorleg hjertesvikt. Symptom er tilstades i kvile, og får ubehag ved all fysisk aktivitet

2.2 Palliasjon

Palliasjon har vore kjent som lindrande behandling som ein set i gang når kurativ behandling ikkje lengre er hensiktsmessig, og vart opprinneleg utarbeida med tanke på kreftpasientar (Trier, 2019, s.888). Dette er eit begrep som har vore i stadig utvikling, men dersom ein ser på verdens helseorganisasjon sin nyaste definisjon av ordet, er palliativ behandling, pleie og omsorg ein måte å forbetre pasientar og pårørande si livskvalitet i møte med livstruande sjukdom. Dette innbefattar fysiske, psykiske, sosialt og åndelege/eksistensielle problem.

Palliasjon er aktuelt tidleg i sjukdomsforløpet saman med anna behandling som har til hensikt å forlenge pasientens liv (WHO, 2020). Ved norske helseforetak er det palliative team, som er spesialistar som bistår avdelingane ved behov, men ettersom 33% av alle dødsfall i Noreg skjer på sjukehus, må alle kliniske avdelingar beherske og utøve grunnleggjande palliasjon (Haugen & Aass, 2016, s.119) . I henhold til europeiske retningslinjer for palliasjon ved kardiovaskulære sjukdommar, skal palliasjon introduserast tidleg i forløpet, og inkludere fokus på emosjonell støtte, kommunikasjon med pasient og pårørande og handtering av symptom (Ponikowski et al., 2016).

2.3 Eit tilbakeblikk på tidlegare stortingsmeldingar og utredningar

I 2015 kom stortingsmelding 24: «Rapport om tilbudet til personer med behov for lindrende behandling og omsorg mot livets slutt» ut på bestilling frå helse- og omsorgsdepartementet. Dei ønskte å kartleggje dagens situasjon for å ha eit grunnlag for vidare planlegging for å få eit fagleg godt og likeverdig tilbod i heile landet (NOU 2017:16, s.3) Dette førte til at det i 2017 kom ut ei offentleg utgreiing som gjennomgikk og vurderte dagens palliative tilbod utgitt etter stortingets bestilling (NOU 2017:16, s.4). Her kom det fram at palliativ omsorg er bygd på at behandlinga og omsorga er retta mot den alvorleg sjuke og døyande pasienten, og hens reaksjonar på sjukdom, både fysisk, psykisk, sosialt, åndeleg og eksistensielt (NOU 2017:16, s.10).

I 2002 presiserte WHO at palliasjon skulle tidleg inn i pasientforløpa. Som ein konsekvens av dette gav European Association for Palliative Care i 2009 ut ein systematisk gjennomgang av vestlege land sitt arbeid på palliasjonsfeltet, der verdiane og prinsippa er grunnpilaren i palliativt arbeid både i Noreg og internasjonalt (NOU 2017:16, s.28). Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest har utarbeida eit vurderingsskjema for palliativ pleie basert på dei nye retningslinjene, der kriteria i mykje større grad enn tidlegare gjer at palliasjon blir nytta også til andre pasientgrupper enn kreftsjuke og pasientar der kurativ behandling er avslutta (Helse Bergen, 2020).

2.4 Heimebasert omsorg

Heimesjukepleie er ein viktig del av dagens helseteneste, der ein yter tenester til brukarane i sin eigen heim. Dette er ei teneste i vekst, både fordi gjennomsnittsbefolkninga stadig blir eldre, og fordi pasientar blir skrive ut frå sjukehuset mykje tidlegare i forløpet enn før (Fjørtoft, 2016, s.19). I 2009 kom ein ny samhandlingreform som gav kommunane større ansvar for pasientar for samansette behov. Dette førte til at heimesjukepleien fekk større ansvar enn tidlegare, mellom anna for pasientar med behov for palliasjon. (NOU 2017:16, s.96).

2.5 Omsorgsteori og palliativ omsorg/lindrande omsorg

Fleire filosofar har dei siste tiåra utvikla omsorgsetikken, og den blir sett på som særskild viktig i dagens medisinske etikk. Eg har valgt å trekke fram Kari Martinsen og Joyce Travelbee sine teoriar. Martinsen har gjennom sin beskrivelse av omsorgsteori vore ein viktig bidragsytar til denne etikken. Ho beskriv omsorg som tredimensjonal; moralsk, praktisk og relasjonell.

Martinsen omtalar omsorg som ein sosial relasjon der felleskap og solidaritet inngår. Det handlar om forståelse, og at ein må forhalde seg til den andre med ei viss haldning for at omsorga skal vere ekte. Ho skil mellom to omsorgsteoriar: uegennyttig gjensidighet og balansert gjensidighet. Ved balansert gjensidighet både gir og får begge partar omsorg, som til dømes i eit personleg forhold. Uegennyttig gjensidighet er den teorien som omhandlar helsepersonell, der ein part sørger for den andre utan å forvente noko tilbake. Ho forklarar at omsorg er relasjonelt med bakgrunn i eit kollektivistisk menneskesyn. For at det skal eksistere omsorg, må ein først ha ein relasjon. Som sjukepleiarar er det vårt ansvar å ta oss av personar som grunna sjukdom, funksjonsnedsettelse eller andre forhold er avhengig av vår omsorg. Martinsen understrekar at vi har eit spesielt ansvar for dei som ikkje kan gjenvinne sin uavhengigheit (Kristoffersen, 2016, s 57)

Å ivareta åndelege og eksistensielle behov er eit av hovudområda innan palliasjon. Også her er tverrfagleg tilærming viktig. Ein prest eller anna åndeleg veileidar vil ha eit spesielt ansvar for dette området, dersom pasienten ynskjer slik kontakt. Sjukepleiaren har likevel ei særleg viktig rolle her, då det er sjukepleiaren som har dei fleste samtalane med pasient og pårørande, og møter dei i bekymringane dei måtte ha. Pasientens behov vil endre seg gjennom pasientforløpet. Nøyaktig korleis dette foregår er individuelt frå pasient til pasient, og faktorar som personlegdom, relasjon til pårørande, kjønn, alder, verdier, tru og tidlegare opplevingar av tap spelar inn på korleis pasienten reagerar.

Sett frå det palliative perspektivet er det likevel nokre grunnleggjande behov som står sentralt når vi snakkar om det åndelege og eksistensielle. Det kan delast i to hovudpunkt: Behov for best mogleg livskvalitet, og behov for å fullføre og avslutte livet.

For å oppnå best mogleg livskvalitet i ein palliativ fase er det viktig at pasienten opplever at hen er involvert i beslutningar og kan ta kontroll over dei områda der hen framleis er i stand til dette, og å få den informasjon hen ynskjer om pasientforløpet. For mange pasientar er det å delta i dei næraste og familien sine liv særleg viktig. For at den siste tida skal bli best mogleg er det viktig å fokusere på dei gode stundene. Når det kjem til behov for å fullføre og avslutte livet, er det andre ting som er i fokus. Først og fremst må pasienten erkjenne døden. Gjennom erkjening av døden kan pasienten fokusere på prosessen med å ta avskjed med livet og fullføre det hen ynskjer før det er for seint. Pasienten kan leggje planar for det som er ugjort, og bruke tida på å komme nærare sine næraste. For mange er dette tida for å tilgi eller bli tilgitt, seie dei viktige tinga til sine næraste, oppsummere livet, sørge over det ein forlet eller har mista og forsone seg med sitt eige liv eller Gud. Gjennom desse handlingane og tankane kan pasienten slegge taket, og føle ein fred over det å skulle dø (Hirsch & Røen, 2016, s.318).

2.6 Kommunikasjon og relasjon

Kommunikasjon- og relasjonskompetanse utgjør til saman yrkeskompetansen. Ein kan ikkje skape ein relasjon utan kommunikasjon, og relasjonen ein har bygd legg grunnlaget for vidare kommunikasjon. Difor er relasjonskompetanse viktig for å kunne møte dei kommunikasjonsutfordringane vi møter i yrkeslivet på ein god måte. Dette fører til at ein kan kommunisere på ein forståeleg måte som ikkje krenkar den andre parten. Som fagpersonar er det pasientens interessar som står i fokus, og ein skal ikkje dekke egne behov på bekostning av den andre. Det er også viktig å tenke på at dette er ein relasjon som må vedlikehaldast, og at ein derfor må ein opprette ein relasjon ein kan stå i over tid. Relasjonskompetanse gir ein forståing for situasjonar, kulturell sensitivitet, sjølvinnsikt og empatisk haldning. Gjennom ein formålsretta kommunikasjon kan sjukepleiaren og pasienten saman arbeide seg fram til ei felles forståing.

Det er viktig at pasienten forstår det ein informerer om, men det er også viktig at sjukepleiaren forstår pasienten. Dette skjer gjennom ein dialog der ein deler si eiga forståing, og det blir skapt eit meningsfullt samhandlingsrom (Røkenes & Hanssen, 2017, s.10).

Pasientar får som regel god informasjon om prosedyrar og kva teikn og symptom ein skal vere på vakt for, men det er viktig at dette blir fulgt opp. Utan dette vil pasienten bli rådvill dersom uventa problem oppstår, og hen vil kanskje gi opp det nye regimet ettersom hen begynner å føle at livet er fråtatt meining og glede. For å motverke dette er det først og fremst viktig med ein god mellommenneskeleg relasjon, ettersom det er dette som gir pasienten tillit til sjukepleiaren. Travelbee (2001, s.171) meiner at ein som sjukepleiar ikkje kan nå heilt fram til kvarandre som sjukepleiar-pasient, men at vi som sjukepleiarar har som oppgåve å etablere eit menneske-til-menneske forhold, som innebær at både den sjuke og sjukepleiaren oppfattar kvarandre som unike menneskelige individ. Dette forholdet byggast opp dag for dag, men sjukepleiaren brukar likevel sin kompetanse for å hjelpe pasienten. Når ein har oppnådd denne tilliten bør ein også ta for seg det som blir sett på som «mindre problem», som pasienten kan støyte på undervegs. I slike undervisningssamtaler bør også dei næraste pårørande vere med, ettersom dei hjelper og motiverer pasienten til å følgje opp dette i det daglege (Travelbee, 2001, s.258).

Det er viktig med tydeleg kommunikasjon ved behandlingbegrensningar. Forsking utført av Lind mfl. (2011), referert i Nortvedt (2016, s.192) viser at konflikter knytta til behandlingbegrensningar oppstår ikkje berre grunna mangel på fagkunnskap eller feilaktige vurderingar, men fordi informasjon og kommunikasjon ikkje har vore tydeleg nok. Forskinga viser til fleire eksempel der ein tek beslutningar på vegne av eldre pasientar i samarbeid med pårørande og lege, men utan at pasienten sjølv blir tatt med på råd. Ofte har det heller ikkje vore vurdert tilstrekkeleg om pasienten er samtykkekompetent. Forskinga avdekka også korleis dårleg kommunikasjon mellom legar og sjukepleiarar førte til at pårørande, som stort sett har kommunikasjon med sjukepleiarane, ikkje fekk tilstrekkeleg informasjon om alvorlegheitsgraden av tilstanden pasienten befant seg i. Forskinga avdekka at behandlingstilstandar ofte vart tekne av legegruppa åleine, utan involvering av pasient/pårørande, eller anna helsepersonell som sat på verdifull informasjon ettersom dei foretok den daglege omsorga, og gjorde kontinuerlege observasjonar av pasientane (Nortvedt, 2016, s.191-192). Nortvedt (2016, s.192) skriv at *«Både lov og etikk slår klart fast at beslutningar om helsehjelp til pasientens beste, skal tas på et best mulig informasjonsgrunnlag der alle som er en del av teamet rundt pasienten, skal vere inkludert i beslutningen.»*

2.7 Organisering og samhandling

Sjukepleiaren har ansvar for å organisere, leie og administrere tenestetilbodet til enkeltpasientar og deira pårørande. Som sjukepleiar har ein ansvar for å koordinere tenestetilbodet til pasientar på tvers av etatar og ulike helsetilbod (Kristoffersen et al., 2016, s.19). Derfor må sjukepleiaren også ha organisatorisk kunnskap slik at hen er i stand til å forstå helseorganisasjonen og organisere arbeidet (Fjørtoft, 2016, s.219-220). Målet er at tenesta til pasientane skal ta utgangspunkt i pasienten sitt individuelle behov, samstundes som det er fleksibelt, heilskapleg og samordna. For å få til dette er tverrfagleg samarbeid essensielt. Når ein skal samarbeide på tvers av etatar og profesjonar er det viktig at fagpersonane må vere trygge på eigne kunnskapar og sin funksjon i teamet. Dette fører til at ein ikkje føler seg trua i møte med andre perspektiv.

Ein må ha kunnskap og respekt for andre sine fagområde, og la desse komme med sine bidrag. Gjennom å lytte til kvarandre viser ein interesse og respekt for andre sine perspektiv. Ein god dialog mellom partane der ein utvekslar erfaringar og kunnskap vil føre til ei felles forståing for kva som er eit realistisk mål, kven som har ansvar for kva oppgåver, og rolleavklaring. Det er også viktig at pasienten veit kven hen skal forhalde seg til, og dette kan bli vanskeleg dersom det er mange i teamet. Det er derfor hensiktsmessig at ein ikkje gjer teamet større enn nødvendig (Fjørtoft, 2016, s.201-202).

Ved å ha førebuande samtalar med pasient og pårørende og helsepersonell kan ein kartlegge kva preferansar den sjuke har (Nortvedt, 2016, s.192). Her har ein moglegheit for å utforme eit livstestamente for pasienten. Eit livstestamente er eit skriftleg dokument der pasienten uttrykker sine preferansar når det kjem til framtidig behandling og pleie. Ved opprettelse av eit livstestamente er det også anbefalt å opprette ein stadfortredande beslutningstakar, som kan ta stilling til spørsmål om behandling når pasienten ikkje lenger har moglegheit til å uttrykke dette sjølv. Dette er ein måte å sikre pasientens autonomi når hen ikkje lenger kan uttrykke seg (Nortvedt, 2016, s.172). Eit slikt livstestamente er gyldig i ett år av gangen, og må oppdaterast for å framleis vere gyldig, i samråd med pasienten. I Noreg er eit slikt livstestamente eit dokument behandlande lege skal respektere, men det er ikkje juridisk bindande når legen skal bestemme vidare behandling (Regjeringen, 2019). I dette dokumentet finn ein til dømes informasjon om pasientens ynskjer vedrørende livsforlengande behandling i livets siste fase, samt HLR status (Nortvedt, 2016, s.172). HLR-status er hovudsakeleg ei legeoppgåve, og skal takast stilling til i samråd med pasient og pårørende.

3 Metode

Metode er noko som fortel oss om korleis ein bør gå fram for å framskaffe eller etterprøve kunnskap. Sosiologen Vilhelm Aubert formulerar metode slik; «Ein metode er ein framgangsmåte, eit middel til å løyse problem og kome fram til ny kunnskap. Alle midlar som tjener dette føremålet, høyrer med i arsenalet av metodar.» (Dalland, 2020, s.111).

Begrunnelsen for å velje ein bestemt metode er at ein meiner den vil gi ein gode data og belyse spørsmålet ein har stilt på ein fagleg interessant måte. Ein metode er altså vår reiskap i møte med noko vi ynskjer å undersøke. Vi får samla inn data gjennom å bruke metoden, og får den informasjonen vi treng til undersøkinga vår (Dalland, 2020, s.112).

3.1 Litteraturstudium som metode

Denne oppgåva er eit litteraturstudium, det vil seie at eg har innhenta eksisterande forskning, teori og fagkunnskap for å kunne svare på ei problemstilling (Dalland, 2020, s.199). Eg har gjennomført eit systematisk søk for å innhente kunnskap om temaet palliasjon og hjartevikt. For å tileigne seg kunnskap må ein samle inn, analysere og tolke data frå relevant litteratur. Ein føresetnad for å gjere ein systematisk litteraturstudie er å ha tilstrekkeleg antal studier av god kvalitet som kan gi eit grunnlag for konklusjon og resultat (Johannessen et al., 2010, s. 29-30). Eg har brukt både kvantitative og kvalitative forskningsartiklar. Kvalitative artiklar samanfattar meningar og opplevingar frå enkeltpersonar om eit emne for å belyse temaet, medan kvantitative artiklar gir oss data i form av noko målbart. Samla gjev desse metodane oss ein betre forståelse av samfunnet vårt, og korleis menneske handlar (Dalland, 2020, s.54).

3.2 Søk og val av litteratur, og grunngiving av val litteratur

Det finst mykje litteratur retta mot hjartsvikt, palliasjon, sjukepleiarens funksjon og eldre. Eg ynskja å undersøke korleis ein som sjukepleiar kan ivareta pasientar med hjartsvikt som mottek palliativ behandling. Som ein del av søkeprosessen min nytta eg eit PICO-skjema der eg gjekk gjennom problemstillinga. Deretter gjekk eg inn på Høgskulen på Vestlandet sine sider og nytta søkemotoren ESBCOhost. Gjennom denne har eg søkt i databasane Cinahl with full text, Medline og Academic Search Elite. Eg begrensa søket til å kun vise artiklar som var peer reviewed, samt at dei måtte vere frå 2012 eller seinare. Eg begrensa søket mitt til kun engelskspråklege artiklar, ettersom det meste av forskninga som blir utført i Noreg blir publisert på engelsk, og det finst mykje relevant forskning som blir gjort utanfor Noreg. Eg brukte MESH emneordssystem for å oversetje orda mine til engelsk for å få gode søkeord, og fekk opp forslag til fleire synonym til kvart søkeord eg skreiv inn.

Eg har også nytta lærebøker innan sjukepleiefaget, ved behov for oppdatert statistikk har eg valgt å nytte Folkehelseinstituttet(FHI) som kjelde. Eg har også nytta meg av nasjonal forskrift for sjukepleiarutdanning som kom i 2019. Eg har i tillegg søkt opp aktuelle retningslinjer for palliasjon ved hjartsvikt ved å søke på regjeringen.no. Der fann eg ei offentleg utgreiing frå 2017 som tek for seg palliasjon og hjartsvikt samt ein rapport om same tema. Eg har elles nytta Norsk Sjukepleiarforbund(NSF) sine yrkesetiske retningslinjer for sjukepleiarar.

3.3 Kjeldekritikk

Kjeldekritikk er ein metode som er nytta for å vurdere og karakterisere litteraturen ein finn, samt argumentere for kvifor ein har valt dei artikkane ein har valt. Dette gjer ein for at den som les skal forstå korleis ein har tenkt når det kjem til korleis litteraturen belyser problemstillinga. Det vil også vere relevant å seie noko om i kva grad litteraturen er oppdatert, om det er publisert mykje på temaet og tilgjengelegheit. (Dalland, 2020, s.152). Opprinneleg var planen min å halde meg til norsk forskning, då dette vil vere mest representativt for norske pasientar. Det finst mykje norsk forskning på både palliasjon og hjertesvikt. Etter å ha sett meg meir nøye inn i vestlege helsevesen utover Noreg og problemstillinga mi såg eg derimot at studier frå den vestlege delen av verda vil være tilstrekkeleg representative, og at kvaliteten og mengden på tilgjengelig forskning auka dersom eg inkluderte artiklar frå heile den vestlege verda. Eg nytta databasar anbefalt av Høgskulen på Vestlandet, og forutan pensumbøkene mine har eg nytta forskning frå 2012-dags dato for å sikre at det eg har mest mogleg oppdatert kunnskap.

Artikkane eg har valgt byggar på IMRAD- struktur (*Introduction, Method, Results and Discussion*). Dette er ein anerkjent disponering av tekst i vitenskapelege artiklar som samsvarar med forskningsprosessen (Thiedemann, 2015, s.30-31; Nortvedt et al., 2012, s.69; Dalland, 2020, s.163). Tidsskrift som publiserar vitenskapelege artiklar, pålegg forskarane å følgje denne strukturen, sjølv om det finst unntak. Nokre kvalitative artiklar kan avvike frå IMRAD-strukturen (Thiedemann, 2015, s 68).

Etter søk av artiklar stod eg att med fem artiklar. Av desse er det to kvalitative studiar, ein kvantitativ studie, og to systematiske oversiktsartiklar. Eg har nytta helsebibliotekets sjekklister for kritisk vurdering av artikkane. Forskinga eg har funne fram til er utført i den vestlege verda, og ein kan derfor argumentere for at det er overførbart til det norske helsevesenet.

Artikkel 1 og 3 er systematiske oversiktsartiklar som tek for seg forskning gjort i henholdsvis Europa og Amerika når det kom til palliasjon og hjartesykt. Desse tek for seg forskning både gjort i primær- og spesialisthelsetenesta, noko som gjer at alle resultatane ikkje nødvendigvis er overførbare til problemstillinga mi, som omhandlar pasientar i primærhelsetenesta. Artikkel 2 er ein kvantitativ studie med eit utval på 35 deltakarar, der intervensjonsgruppa bestod av 20 deltakarar og kontrollgruppa bestod av 15 deltakarar. Då dette er eit studie med begrensa antal deltakarar må ein utøve varsomhet i å generalisere resultatane i å gjelde til befolkninga som heilhet. Artikkel 4 og 5 er kvalitative studiar. Artikkel 4 er ein intervjustudie der 30 fastlegar i New Zealand fortel om sjukepleiarar sine ansvarsområder når det kjem til eldre pasientar med hjartesykt i primærhelsetenesta i New Zealand. I artikkel 5 har dei intervjuet 27 vaksne pasientar og pårørande om deira opplevelse av den palliative oppfølginga dei har fått, både i primær- og spesialisthelsetenesta. Dei inkluderte artiklane er publisert i anerkjente tidsskrift og forfatarane har relevant utdanning og erfaring frå fagfeltet, som er ein vesentleg styrke.

Med få unntak er all litteratur i form av lærebøker og pensum, er anbefalt litteratur som HVL har i sin læreplan. Dette er litteratur eg har søkt fram på Oria. Alle bøkene eg har brukt blir nytta i grunnutdanning og vidareutdanning for sjukepleiarar. Eg har vektlagt å nytte dei nyaste utgåvene av bøkene.

Ettersom palliasjon generelt og spesielt til hjertesviktpasientar er eit tema som er under så stor endring og mykje har skjedd berre dei siste 5 åra, vil pensum og dei fleste av bøkene eg har tilgjengeleg mangle den spesialiserte kunnskapen eg ynskjer for mi problemstilling. Eg har derfor valgt å nytte meg av nettkjelder i stor grad. NOU 2017:16 og Helsedirektoratets «*rapport om tilbod til personer med behov for lindrende behandling og omsorg*» (IS-2278) er dei nyaste retningslinjene innanfor palliasjon til hjertesviktpasientar, og det som er gjeldande og held på å bli implementert i Noreg i dag. Den nasjonale forskrifta for sjukepleiarstudentar vart gjeldande frå opptak til studieåret 2020/2021, og dermed oppdatert og relevant for mi oppgåve. NSF sine yrkesetiske retningslinjer byggjer på prinsippa i «International Council of Nurses» sine etiske reglar, og menneskerettighetane slik dei kjem til uttrykk i FN si menneskerettserklæring. FHI er ei kredibel kjelde som vert nytta av den offentlege helsesektoren.

4 Resultat/funn

Dei inkluderte artikkane er representert i vedlegg 2. For å få best mogleg oversikt har eg valgt å presentere artikkane i ein tematisk analyse, som er ein hensiktsmessig metode for å identifisere, analysere og rapportere samanhengar i kvalitativt datamateriell. Den tematiske analysen identifiserer fire hovudtema som er relevante for mi oppgåve: 1) Kvifor er palliasjon viktig? 2) Undervisning og informasjon 3) Åndelege og eksistensielle behov og 4) Advanced Care planning.

4.1 Kvifor er palliasjon viktig?

Forskninga bekrefta av symptom som ikkje har med forverring av hjartesykt blir ofte gløymt i behandlinga. Hjartesyktpasientar opplever mange ulike symptom, inkludert dyspnè, smerter, angst, depresjon, søvnforstyrrelser og fatigue (Kavalieratos et al., 2017; Sobanski et al., 2020). Ofte behandlar ein symptomta ved å behandle den underliggande årsaka som at ein ved tungpust gjer tiltak for å fjerne overflødig væskeansamling i kroppen. Mange hjartesyktsymptom vedvarer likevel sjølv om pasienten mottok kardiologisk behandling. Smerter er vanleg hos hjartesyktpasientar, men underdiagnostisert, og dermed underbehandla. Forskning viser at om lag 1 av 5 hjartesyktpasientar slit med depresjon, som er assosiert med nedsett livskvalitet og auka dødelegheit. Likevel er rutinemessig screening for depresjon hos hjartesyktpasientar sjeldan (Kavalieratos et al., 2017; Sobanski et al., 2020). Sobanski et al. (2020) skriv at dersom det er symptom som vedvarer sjølv om pasienten mottok kardiologisk behandling, bør dette igangsetje palliasjon.

Ein bør starte opp palliative behandling tidleg i forløpet, og gradvis auke opp dette etter kvart som sjukdommen progredierer. (Kavalieratos et al., 2017; Sobanski et al., 2020). I Lewin et al. (2017) sin studie beskriv dei at ettersom hjartesykt er ein sjukdom der forverring skjer stegvis med uforutsigbare intervall, bør ikkje oppstart av palliasjon vere betinga på sjukdommens progresjon, men heller på om alle pasientens behov er møtt. Dette kan variere frå pasient til pasient, og kjem an på ei rekke faktorar, som td komorbiditet, pårørande, og pasienten sjølv. Dette kan samanliknast med funna gjort av Kavalieratos et al. (2017) og Sobanski et al. (2020) , som fortel at ein grunna den uforutsigbare forverringa av sjukdommen kan føre til at dersom ein venter på ein utløyande hendelse for å starte palliasjon, fortset ein å halde liv i den gamle tankegangen der ein set palliasjon og kurativ behandling opp mot kvarandre.

Lewin et al. (2017), beskriv i sin studie at tidleg introduksjon av palliativ behandling for kreftpasientar vist at det gir større symptomkontroll, og optimaliserer pasientens livskvalitet, samstundes som at det førar til at pasienten lever lenger. Dei ynskja derfor å undersøke korleis tidleg igangsetjing av palliasjon påverka antal sjukehusinnleggingar, ressursbruk, og pasientens oppleving av sjukdomsforløpet. Samanlikna med kreftpasientar har hjartsviktpasientar hyppigare innleggingsrate på sjukehus og i akuttmottak. Alle studiane eg har inkludert i denne oppgåva viser at pasientar som får palliativ behandling har færre innleggingar på sjukehus og akuttmottak. Dette er gunstig, då hyppige innleggelsar er ein byrde for både pasientane og helsevesenet (Hadler et al, 2020; Kavalieratos et al, 2017; Lewin et al, 2017, Sobanski et al, 2020, Waterworth & Gott, 2012). I Lewin et al. (2017) sin forskingsartikkel trekk dei fram innleggingar som ein naturleg arena for å vurdere om ein bør igangsetje palliasjon, eller om denne burde aukast. For å kartleggje symptoma som hjartsviktpasientane opplever, bør ein kontrollere desse regelmessig. Dette kan gjerast ved å bruke eit ESAS-skjema. I tillegg bør ein observere hjartsviktpasientane for depresjon og angst, som kan gjerast med eit HADS skjema (Sobanski et al., 2020)

4.2 Undervisning og informasjon

Alle artiklane denne oppgåva byggjer på rapporterer om viktigheten av god undervisning og informasjon til pasientane (Hadler et al, 2020; Kavalieratos et al, 2017; Lewin et al, 2017, Sobanski et al, 2020, Waterworth & Gott, 2012). I studia til Waterworth & Gott (2012) fortel ein av informantane når han blir spurt om kva som er den viktigaste rolla til sjukepleiar under oppfølging av eldre hjertesviktpasientar: «...That is probably the most important part, education.» Sjølv om dei fleste deltakarane i studien til Kavalieratos et al. (2017) møtte kriteria for å få palliativ oppfølging, var det få som var klar over at det er ein anbefalt del av hjertesviktbehandlninga. Under intervju med studiedeltakarane kom det fram at dei såg på palliasjon som noko ein kun utøver etter at ein ikkje lenger kan nytte seg av aktiv hjertesviktbehandling, og sidestilte dette med innlegging i institusjon. Dei uttalte at dei ikkje var klare for palliativ behandling enno. Deltakarane i studien var entusiastiske for tiltaka palliasjon inneber, men likte ikkje når det vart omtala som palliasjon. I Lewin et al. (2017) rapporterte 63% av pasientane ei positiv endring i korleis dei tenkte på sjukdommen etter å ha fått palliativ oppfølging, og dei rapporterte auka forståelse om sjukdommen og forløpet. «They gave me a heads-up about what to expect and what the plan was. The cardiologist said there wasn't much he could do, so without the palliative team I wouldn't have known...»

